



## 1 Informasjon og søknadsfrist

- Hugs at heile søknaden må vere fylt ut før du sender den inn. Du kan la punkt 4 stå oppe dersom du legg ved ein legeattest som stadfester det same.
- Søknadsfrist:** Lånekassen må ha motteke søknaden seinast seks månader etter at undervisningsåret/kurset er avslutta.

## 2 Personlege opplysningar

Namn, adresse og postnummer/-stad

Fødselsdato







Personnummer







Kundenummer i Lånekassen







## 3 Kven sykdommen gjeld

Eigen sjukdom

Sjukt barn  Barnet sin fødselsdato

## 4 Stadfesting frå legen

Sjukdomsperiode frå og med

Dag	Månad	År
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Sjukdomsperiode til og med

Dag	Månad	År
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Eg stadfester at søkjaren i denne perioden var studieufør, dvs. heilt eller delvis ute av stand til å følgje undervisninga, studere heime, levere oppgåver og liknande, og delta på eksamen.

Ja  Nei

Dersom ja, oppgi graden av studieuførheit (i prosent). Dersom uførheitsgraden har variert, les informasjonen under «Dokumentasjon» på side 2.

Prosent

Eg stadfester at søkjaren i denne perioden var heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eige barn under tolv år.

Ja  Nei

Dato

Legen sitt namn, underskrift og stempel

## 5 Søkjaren si stadfesting og underskrift

Har du vore minst 50 % studieufør på grunn av eigen sjukdom i perioden du søker om sjukestipend?

Ja  Nei

Studieufør vil seie at du er heilt eller delvis ute av stand til å følgje undervisninga, studere heime, levere oppgåver og liknande, og delta på eksamen.

Har du vore heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eige barn under tolv år i perioden du søker om sjukestipend?

Ja  Nei

Les informasjonen under «Dokumentasjon» på side 2.

Har du fått arbeidsavklaringspengar frå Nav i den perioden du søker om å få sjukestipend?

Ja  Nei

Les informasjonen under «Dokumentasjon» på side 2.

Har du fått sjukepengar frå Nav eller arbeidsgivar i den perioden du søker om å få sjukestipend?

Ja  Nei

Dersom ja, må du leggje ved dokumentasjon. Du ser kva du må sende inn på side 2 under «Dokumentasjon».

Har du søkt om sjukepengar og/eller arbeidsavklaringspengar frå Nav for den perioden du søker om å få sjukestipend?

Ja  Nei

Dato og underskrift

## 6 Har du tilleggsplysningar?

Fyll ut feltet nedanfor eller legg ved eige skriv.

Du finn informasjon om vilkår og dokumentasjon på neste side.



## Informasjon

### Sjukestipend er omgjøring av lån til stipend

Du kan få gjort om lån til stipend for inntil fire måneder og 15 dagar per undervisningsår. Sjukestipend blir normalt ikkje gitt framover i tid.

Dersom legen har stadfesta ein sjukdomsperiode framover i tid, kan du bli bedt om å sende inn ein ny søknad.

### For å få sjukestipend må du oppfylle EITT av desse vilkåra:

- Du må ha vore heilt eller delvis studieufør (minst 50 prosent) på grunn av eigen sjukdom. For å bli rekna som 100 prosent studieufør må du ha vore heilt ute av stand til å følgje undervisninga, studere heime, levere oppgåver og liknande, og delta på eksamen. Dersom du har vore delvis studieufør, kan lån bli gjort om til stipend tilsvarende graden av studieuførheit.
- Du må ha vore heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eige barn under tolv år. Det gjeld også barn som fyller tolv år i det kalenderåret du søker om sjukestipend for.

### I tillegg må du oppfylle BEGGE desse vilkåra:

- Sjukdomsperioden må ha vart i meir enn 14 dagar samanhengande.
- Sjukdomsperioden må ha starta etter at vi har fått ein søknad om støtte frå deg. Vi kan gjere unntak dersom du var i ei utdanning som gir rett til støtte i semesteret før sjukdomsperioden.

### Sjukepengar frå Nav eller arbeidsgivar?

Dersom du har fått sjukepengar frå arbeids- og velferdsetaten (Nav) eller arbeidsgivar, kan du få differansen mellom tildelt støtte og sjukepengebeløpet gjort om til stipend. Har du fått sjukepengar berre i ein del av sjukdomsperioden, kan Lånekassen vurdere å gjere heile lånet om til stipend for den delen av perioden du ikkje har fått sjukepengar.

### Arbeidsavklaringspengar frå Nav?

Dersom du har fått arbeidsavklaringspengar, kan du ikkje få sjukestipend for den tida du har fått arbeidsavklaringspengar. Har du fått arbeidsavklaringspengar berre i ein del av sjukdomsperioden, kan Lånekassen vurdere å gjere om lån til stipend for den delen av perioden du ikkje har fått arbeidsavklaringspengar.

### Dokumentasjon

#### Eigen sjukdom

Legen, eller andre med rett til å sjukmelde, må fylle ut punkt 4. Ein legeattest kan erstatte ei stadfesting i punkt 4, dersom den viser kor lenge sjukdomsperioden har vart (start- og sluttdato), at du var studieufør, og graden av studieuførheit.

#### Sjukdom hos eige barn under tolv år

Legen, eller andre med rett til å sjukmelde, må fylle ut punkt 4. Ein legeattest kan erstatte ei stadfesting i punkt 4, dersom den viser kor lenge sjukdomsperioden har vart (start- og sluttdato) og at du var heilt forhindra frå å følgje undervisninga på grunn av sjukdom hos eige barn.

#### Sjukepengar

Dersom du har fått sjukepengar, må du sende inn dokumentasjon frå arbeids- og velferdsetaten (Nav) eller arbeidsgivar. Dokumentasjonen må vise kor mykje du har fått i brutto sjukepengar per måned, og kva periode (start- og sluttdato) du har fått sjukepengar. Fekk du sjukepengar utbetalt direkte frå Nav, må du leggje ved utbetalingshistorikk frå Nav. Blei sjukepengane utbetalte av arbeidsgivar, må du leggje ved kopi av lønns slippar. Har du vore delvis sjukemeld, må du òg sende inn ei stadfesting frå arbeidsgivar som viser sjukemeldingsprosenten.

#### Arbeidsavklaringspengar

Dersom du har fått arbeidsavklaringspengar berre i delar av sjukdomsperioden, må du leggje ved dokumentasjon som viser i kva periode du har fått arbeidsavklaringspengar.

#### Varierende grad av studieuførheit

Dersom graden av studieuførheit har variert, må legen stadfeste uføregraden for kvar periode med frå-dato og til-dato. Send inn desse opplysningane som eit eige vedlegg til søknaden.

Les om sjukestipend på  
[lanekassen.no/sjuk](http://lanekassen.no/sjuk)

### Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. Les personvernerklæringa vår på [www.lanekassen.no/personvern-nn](http://www.lanekassen.no/personvern-nn).